



AutoPASS for ferje

Kva er AutoPASS?

Betalingskonseptet «AutoPASS for ferje» skal erstatte den gamle ordninga med verdikort og storbrukarkort.

Ein avtale om AutoPASS for ferjer inneber:

- Forskotsbetalt avtale som gir 50% rabatt for privat- og 40% rabatt for firma-avtale (17% på personbilletter).
- Landsomfattande avtale (med visse unntak).
- På ferjene vil ein ta betalt via AutoPASS-brikke eller AutoPASS-ferjekort.
- På min side på www.autopassferje.no kan du følge med på gjennomførte reiser, restsaldo og faktura.
- Ved berre å ha brikke utan ferjeavtale får ein 10% rabatt på brikkesamband.

For meir informasjon sjå: www.autopassferje.no

Kva er ein AutoPASS-ferjekonto (AutoPASS-ferjeavtale)?

Når du teiknar ein avtale og betalar på forskot, får du ein AutoPASS-ferjekonto.

Privatkundar kan legge til to køyretøy per ferjekonto.

Firmakundar kan legge til så mange dei ønskjer.

På samband som ikkje har innført AutoPASS-brikkebetaling kan ein bruke AutoPASS-ferjekort. Brikka og ferjekortet er knytt opp mot same forskotsavtale.

For meir informasjon om AutoPASS for ferje, sjå

www.autopassferje.no eller kontakt Skyttel på tlf. 55 30 00 00.

Kor bestiller ein brikke?

For oversikt over AutoPASS-anlegg kor ein kan få tilsendt AutoPASS-brikke, sjå: **www.autopass.no**.

Om du allereie har ei AutoPASS-brikke skal denne nyttast.

På Vestlandet er det Ferde som er brikkeutstedar.

Ein kan bestille brikke av Ferde enten på **www.ferde.no** eller ved å ringe tlf. 55 55 94 94.

I Møre og Romsdal og Trøndelag er Vegamot brikkeutstedar.

Ein kan bestille brikke av Vegamot enten på **www.vegamot.no** eller ved å ringe tlf. 73 82 48 70.

Er du i tvil om brikka di fungerer?

Ta kontakt med selskapet som har utstedt brikka di.

Dei sender deg eventuelt ei ny brikke.

Kundar utan brikke må køyre i manuelt felt.

Desse kundane betaler kontant eller med bankkort til billettør.

Bommen går ikkje opp?

Om bommen ikkje går opp, må du få sjekka brikka di. Kjør i manuelt felt og betal med kort eller kontant. Ta kontakt med brikkeutstedar for å sjekke brikka di.

Korleis montere brikka?

Brikka skal monterast på innsida av frontruta ved hjelp av eit feste som følger med den nye brikka. Om du treng nytt brikkefeste kan du kontakte ditt bompengeselskap.

På mange bilar er det eit skravert felt i området ved spegelen. Brikka må monterast i det skraverte feltet.

Korleis finn ein kvittering på AutoPASS-ferje?

På «min side» på www.autopassferje.no kan du følge med på gjennomførte reiser, restsaldo og faktura. Her finn ein kvitteringar frå bruk av både brikke og AutoPASS-ferjekortet.

Bilen min har blitt målt feil, kven tek eg kontakt med?

Ved feilmåling av bil, ta kontakt med Skyttel på tlf. 55 30 00 00.

Kor lenge kan eg bruke gamalt ferjekort / verdikort?

Gamle verdikort/ ferjekort vil framleis kunne nyttast i ein overgangsperiode sjølv om AutoPASS blir innført. Verdikort vil kunne fyllast på t.o.m. 31.03.2019 hos kortutstedar, og brukast fram til 30.06.2019. På brikkesamband kan ein kun bruke ferjekort til og med 31.01.2019.



Kva samband har brikke og kva samband har AutoPASS-ferjekort?

På www.autopassferje.no finn du ei oversikt over kva samband som har brikkelesing og kva samband ein kan bruke AutoPASS-ferjekort.

Korleis får eg refundert ferjekortet mitt?

Kunden leverer verdikort til billettør og mottar kvittering med pinkode og kortnummer i retur.

Kunden registrerer pinkoden, kortnummer og bankkonto-nummer på www.fjord1.no. I dei fleste tilfelle blir restbeløp refundert til bankkontoen til kunden innan ei veke.

Skjemaet finn du inne på kundeside og verdikort (skjema med pin-kode).

Ved registrering av feil opplysningar på refusjonsskjema vil det ta lenger tid å få tilbakebetalt restbeløp

Korleis betale utan AutoPASS-avtale eller brikke?

Om du ikkje har AutoPASS-avtale eller brikke, så køyrer du på manuelt felt. Her betalar du kontant eller med kort, og betalar ordinær ferjetakst utan rabatt.

